


Af H. P. Rismark
H. Taarnby Thomsen



EIN FARLEG KLATRETUR

Ein farleg klatretur

Døveskolernes Materialelaboratorium, 1994

2. udgave 1. oplag

Forfatter:

H. P. Rismark

Illustrationer:

Henrik Taarnby Thomsen

Tilrettelægning, layout,


dtp, repro og tryk:

Døveskolernes Materialelaboratorium

ISBN 87-89777-25-5

Tilrettelegging for norsk utgåve: Mette Eid Løvås

Norsk omsetjing: Ivar Kimo



I 7. klasse er det ein gut. Han heiter Ole, og han går på ein skule for døde barn. Ein dag går han saman med tre skulekameratar til Østerport stasjon. Dei skal heim frå skulen. Dei tre skulekameratene heiter Jan og Lene og Kaj. Jan og Lene og Kaj bur i Valby. Ole bur i Ballerup. Dei fire barna skal reise med same tog.



*S-toget k yrer inn p  stasjonen. Dei g r inn i toget og set seg og pratar. P  N rreport stasjon kjem det fire h yrande gitar p  toget. Dei set seg p  *setet p  andre sida av midtgangen. Ole fortel ei morosam historie til Lene, Kaj og Jan, men oppdagar at dei h yrande gutane sit og *glor p  dei. Derfor vert Ole sint p  dei og seier til Jan, Lene og Kaj: "Dei h yrande er spr !"

*S-tog: storby-tog, lokal-tog

* setet p  andre sida av midtgangen



*  glo





Dei høyrande gutane forstår kva Ole seier. Den største guten sparkar Ole på leggen. No begynner alle barna å slåss. Ei dame prøver å stoppe barna, men Lene bit henne i handa. Dama vert svært sint og *skjeller dei ut. No kjem ein kjempesvær mann. Han held Ole hardt i armen og roper at dei skal slutte å slåss. No vert barna rolige, fordi dei vert redde for den store mannen. Ole seier: "Du er ikkje far min!" Men det forstår ikkje mannen. På neste stasjon skal mannen av.

* skjelle ut





No begynner Ole å erte dei høyrande gutane:
Han truer.
Han skrik.
Han slår på sete og vindauge.



Litt seinare kjem toget til Valby. Jan, Lene og Kaj skal av no. Ole vert brått engsteleg og vil vere med ut.

Men dei høyrande gutane *spenner bein for han og held han fast. No køyrer toget att. Ole er aleine med dei høyrande gutane. Det er to vaksne på toget, men dei les i avisa og ser ingenting.

* spenne bein





No er Ole redd. Han græt nesten. Dei fire gutane ler og skubbar. Ole fell. To gitar sparkar. Det gjer svært vondt. Han spring til døra, men han kan ikkje opne henne fordi toget køyrer. Gutane fangar han att. Brått oppdagar han *naudbremsen og trekkjer i den!


*naudbrems






Toget bremsar hardt, og alle barna fell. Men Ole er fri. Han opnar døra og hopper ned på skjenene og spring så fort han kan. Dei andre gutane hopper ned frå toget og. *Togføraren ser gutane springe og prøver å fange dei, men dei er snart borte.

*togføraren







Ole klatrar over eit *plankegjerde. Dei fire gutane er berre ti meter bak han. Han ser ikkje skiltet: ”*Byggjeplass, hunden bit.”

* plankegjerde



*byggjeplass







Ole klatrar opp i eit *halv-ferdig hus. Det er farleg, for det er lause plankar og *stillas. Ein kan lett falle ned. Han ser ned og ser at gutane følgjer etter han. Ole er så redd at han vil flykte, flykte, flykte Derfor klatrar han ut på det glatte taket. Han gløymer at det er farleg.

*halv-ferdig hus



*stillas





Han set seg på *mønet og held fast i *skorsteinen.
Han kan ikkje komme høgare opp.
Han ser etter gutane og vert forbausa ... dei følgjer ikkje etter han!
Dei fire gutane flyktar, og ein kjempesvær hund spring etter dei.
Hunden er svært hissig. Ole kan sjå dei skarpe, kvite tennene hans.
Gutane *kastar seg over plankegjerdet.
Ole kan ikkje sjå dei meir, kanskje er dei gått heim?




*møne


*skorstein



*kaste seg



Han vert glad, ... men så snur hunden hovudet.
Han ser opp på Ole. Han ser ikkje hyggeleg ut.
Ole vert ottefull att, han gløymer nesten å halde seg fast. Det er kaldt og vått
på taket.
Han tenkjer: "Korleis kjem eg meg heim?"




Han ser seg omkring.


Så får han ein ide: Kanskje kan han hoppe over til eit anna tak. Han legg seg ned og *kryp bortover taket. Til sist reiser han seg opp. No skal han hoppe. Det er to meter over til eit hus med *flatt tak.

* krype



*flatt tak





Det er farleg, men Ole hoppar...

Heldigvis treffer han det andre taket. Det gjer vondt i den eine foten, men Ole tenkjer ikkje på det. Han finn ein stige og klatrar ned. Hunden ser på han, men han kan ikkje få tak i han no.

Ole spring fort til stasjonen.

Dei høyrande gutane er borte. Litt etter kjem Ballerup-toget.

